

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 127/2002**

**av 27. september 2002**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 137/2001 av 23. november 2001<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/148/EF av 21. februar 2001 om bruk av artikkel 3 nr. 3 bokstav e) i direktiv 1999/5/EF på snøskredbalisar<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkkel 1*

I vedlegg II kapittel XVIII i avtala etter nr. 4zzj (kommisjonsvedtak 2000/299/EF) skal nytt nr. 4zzk lyde:

“4zzk. **32001 D 0148**: Kommisjonsvedtak 2001/148/EF av 21. februar 2001 om bruk av artikkel 3 nr. 3 bokstav e) i direktiv 1999/5/EF på snøskredbalisar (TEF L 55 av 24.2.2001, s. 65).”

*Artikkkel 2*

Teksta til vedtak 2001/148/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 22 av 24.1.2002, s. 28, og EØS-tillegget til TEF nr. 6 av 24.1.2002, s. 20.

<sup>(2)</sup> TEF L 55 av 24.2.2001, s. 65.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 28. september 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 27. september 2002.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Gunnar Snorri Gunnarsson*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.